

## Høyringssvar

### Planprogram KDP barnehage og skulebruksplan

Det er positivt at Alver kommune lyttar til dei som driv barnehagar i kommunen gjennom ei høyring på «*Planprogram KDP barnehage og skulebruksplan*».

Dette høyringssvaret er eit samla høyringssvar frå FUS-barnehagane i Alver kommune – Leiknes FUS barnehage og Ostereidet FUS barnehage.

Det framlagte utkastet er i all hovudsak eit godt utgangspunkt for ein god prosess fram til ein barnehage og skulebruksplan for Alver kommune.

Vi i FUS-barnehagane er opptekne av eit god samarbeid med kommunen, og eit godt samarbeid med andre barnehagar – kommunale og private barnehagar. Dette til beste for borna. Samarbeidet med kommunen er godt pr i dag, men ting kan verta betre.

Skal Alver få ein god barnehage og skulebruksplan så må òg private aktørar vera inkludert i arbeidet med ein slik plan. Alver har pr i dag 27 barnehagar kor 19 av dei er private barnehagar.

#### Våre merkande og kommentarar til utkastet til «*Planprogram KDP barnehage og skulebruksplan*».

Private barnehagar og skular må inkluderast i eit slik planprogram. Det er vanleg i andre kommunar. Ved å inkludera både private og kommunale aktørar i arbeidet, kan det styrkja samarbeidet på tvers av einingane. Dette lyt rettast opp og gjerast tydeleg på ein rekke plassar i denne planen. Vidare har vi lista nokre dømer på kor dette bør rettast opp.

På side 4 står følgjande ingress:

*«Kommunane har ansvaret for at drift av kommunale barnehagar og skular er i samsvar med lov, forskrifter og gjeldande rammeplan/læreplan.».*

Ut frå dette kan det sjå ut som om dei private barnehagar ikkje er inkludert i prosessen. Vi har difor følgjande framlegg til endringar:

Side 10 kulepunkt 2 som lyder slik:

*Prosjektgruppe*

*o Tenesteleirarar for barnehage og skule, representant for tilsette barnehage og skule, representant for hovudtillitsvalde barnehage og skule.*

Framlegg til ny ordlyd side 10 kulepunkt 2:

*Prosjektgruppe*

*o Tenesteleirarar for barnehage og skule, representant for tilsette i barnehagar og skular, representant for hovudtillitsvalde i barnehagar og skular. Dette med representantar frå både kommunale og private aktørar.*

Side 10 kulepunkt 3 som lyder:

**Referansegruppe 1**

- o Styrar, rektorar, tilsette representerte ved tillitsvalde elevråd, ungdomsråd og foreldreutval i barnehage og skule.

Framlegg til ny ordlyd side 10 kulepunkt 3:

**Referansegruppe 1**

- o Styrar, rektorar, tilsette representerte ved tillitsvalde elevråd, ungdomsråd og foreldreutval i barnehagar og skular. Dette med representantar frå både kommunale og private aktørar.

Side 10 kulepunkt 5 som lyder:

Barnehagane og skulane sine rådsorgan skal få informasjon og ha moglegheit til å medverke undervegs i prosessen.

Framlegg til ny ordlyd side 10 kulepunkt 5:

Barnehagane og skulane sine rådsorgan skal få informasjon og ha moglegheit til å medverke undervegs i prosessen. Informasjon skal ut til og høvet til medverka undervegs gjeld både dei kommunale og private aktørane.